

**KONTROLLUTVALET I
STORDAL KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 16. september 2015, kl. 15.00

Møtestad: Stordal Rådhus

Møtet vart leia av: Ingrid Løset

Elles til stades: Jonas Falch og Roger Lillebø

= **3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Frå Stordal kommune møtte ordførar Charles Tøsse, rådmann Per Ivar Lied og personalsjef Martin Vos.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Det kom opp 2 saker under eventuelt.

SAK 11/15

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 9. JUNI 2015

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte i kontrollutvalet 9. juni 2015 blir godkjent.

SAK 12/15

TILSETTINGSRUTINAR I STORDAL KOMMUNE

Ordførar og rådmann orienterte.

Bakgrunnen er Sivilombodsmannen sine uttalar i ei tilsettingssak. Ein ny gjennomgang av saka frå kommunen si side medførte at Sivilombodsmannen godtok kommunen sine vurderingar om kva person som skulle tilsettast.

Kommunen tok sjølvkritikk på for lite skriftlegheit og for lite protokollering. Det er no lagt fram forslag om endring i tilsettingsreglar/rutinar. Det er også lagt vekt på like rutinar i heile kommunen.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 13/15

ORIENTERING OM PERSONALOPPFØLGING MED BAKGRUNN I TILSYNSRAPPORTAR OG REVISJONSRAPPORT INNAN HELSE- OG OMSORGSSEKTOREN

(Saka kom opp under eventuelt)

Leiar fremma forslag om å lukke møtet med visnad til kommunelova § 31 nr. 2 og forvaltningslova nr. 13 om lovbestemt teieplikt for personopplysningar. Lukking av møtet vart samrøystes vedteke.

Rådmannen ga ei orientering.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Møtet vart opna.

SAK 14/15

SPØRSMÅL OM MANGLANDE TILSETTING I STILLING SOM AKTIVITØR

(Saka kom opp under eventuelt)

Rådmannen opplyste at stillinga ikkje var utlyst.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 15/15

GJENSTÅANDE SAKER I KONTROLLUTVALET

Ein gjennomgang viste at det var ei sak frå valperioden som ikkje var fullført frå kontrollutvalet si side. På slutten av valperioden vart det vedteke på nytt å prioritere oppfølging av politiske saker. Tidlegare i valperioden hadde slik oppfølging blitt gjennomført på bakgrunn av oversiktar frå rådmannen. Det vart presisert at dette arbeidet bør prioriterast.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Ingrid Løset
leiar
(sign.)

Jonas Falch
nestleiar
(sign.)

Roger Lillebø
medlem
(sign.)